



Einar Håland
Hjellvikvegen 429
5281 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/702 - 23/20379

Saksbehandlar:
Runar Ludvigsen
runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Dato:
12.09.2023

Eigedomsskatt - handsaming av klage på GBnr. 121/21 - melding om vedtak

Vi gir med dette melding om at skattetakstnemnda har vurdert og handsama dokkers klage vedr. Taksten på eigedomsskatt på GBnr 121/21 – BIR Mjeldstad.

Nemnda gjorde slikt vedtak jf. STN 004/23 datert 25.08.2023:

«Nemnda har vurdert klaga og har delvis gitt medhald.

Eigedomsskatten som ligg til GBnr. 121/21 er for heile tomten med alle bygga som ligg på eigedomen. Bygget som er påklaga er taksert til 7,7 mil jf. sjablontakst av matrikkelinformasjon.

Nemnda ser at sjablontakst som er satt på tomt vert feil. Ein har no justert dette med å leggje inn den delen av tomta som er bebygd med pris kr 500 pr m2. Dette utgjer omlag 20.000 m2. Den delen som er deponi vert sett ned til tomtepris kr 250 pr m2, dette utgjer 35.012,1 m2. Totalt gir dette ein reduksjon i eigedomsskatten for 2023 på kr 95291kr, frå kr 277.641 til kr 182350.

Nemnda meiner det totale skattegrunnlaget på 26 mil utgjer ein rimeleg takst.»

Økonomikontoret vil utføre justering av faktura og eventuell tilbakebetaling dersom det er betalt for mykje for 2023.

Informerer om at det følgjer normal klagefrist på vedtaket på 3 veker frå i dag 12.09.2023, jf. Fvl. Kapittel 6. Ein klage vil verte handsama av klagenemnd for eigedomsskatt.

Med helsing

Runar Ludvigsen
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.